



Notat

Dato: 09.03.2016
Arkivsak: 2014/10498-88
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rutinar for attestasjonar - oppfølging

Fylkesrådmannen viser til det som er nemnt i møteboka frå kontrollutvalet sitt møte 21. september 2015 om oppfølging av arbeidet med retningsliner og rutinar for attestasjon av prosjektrekneskap som krev revisorattestasjon.

Fylkesrådmannen nemner i dette notatet kva retningsliner som er utarbeidde og kva rutinar som er etablerte.

Fylkesrådmannen har utarbeidd generelle retningsliner for prosjekt som krev revisorattestasjon med særlege retningsliner for EU-prosjekt. Desse retningslinene er å finna i kvalitetsportalen.

Kvar avdelingsdirektør har vidare ansvar for å utarbeida oversyn over konkrete prosjekt som treng attestasjon etter eit fastsett skjema. Ein har fått oversyn frå tannhelseavdelinga, opplæringsavdelinga og regionalavdelinga. Samferdselsavdelinga har meldt at ein for tida ikkje har aktuelle prosjekt.

Dei generelle retningslinene og oversyna frå dei tre nemnde avdelingane ligg ved til orientering.